



Q3 2022

Kvartalsrapport



Innhold

Hovud-/nøkkeltal	s. 4
Rapport frå styret	s. 8
Resultat	s. 15
Balanse	s. 16
Eigenkapitaloppstilling	s. 17
Kontantstraumoppstilling	s. 18
NOTAR	
Note 1 - Rekneskapsprinsipp	s. 22
Note 2 - Segmentinformasjon	s. 23
Note 3 - Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	s. 24
Note 4 - Tap på utlån og garantiar	s. 25
Note 5 - Kapitaldekning	s. 30
Note 6 - Finansielle eignelutar vurderte til verkeleg verdi	s. 32
Note 7 - Verdipapirgjeld og ansvarleg lån	s. 34
Note 8 - Innskot frå kundar	s. 35
Note 9 - Likviditetsrisiko	s. 36
Note 10 - Eigardelskapital og eigarstruktur	s. 37
Note 11 - Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar	s. 37
Erklæring frå styret sine medlemmar og adm.direktør	s. 38

Nøkkeltal

93,0 mill. kr

Resultat for perioden

8,4 %

Eigenkapitalavkastning

18,0 %

Rein kjernekapitaldekning

Hovudtal

RESULTAT

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for året)	3. kv. 2022		3. kv. 2021		30.09.2022		30.09.2021		31.12.2021
	Tusen kroner	%	Tusen kroner	%	Tusen kroner	%	Tusen kroner	%	Tusen kroner
Renteinntekter	90 070		53 702		155 294		229 879		222 135
Rentekostnader	42 406		17 282		70 409		102 355		75 095
Netto renteinntekter	47 663	1,54 %	36 419	1,27 %	84 884	1,39 %	127 525	1,23 %	147 041
Netto renteinntekter inkl. provisjon frå KF									
Provisjonsinntekter	20 752		23 426		63 653		69 235		92 374
Provisjonskostnader	1 554		1 626		4 378		4 801		6 531
Andre driftsinntekter	1 687		160		2 387		450		807
Netto provisjons- og andre inntekter	20 885	0,68 %	21 960	0,77 %	61 662	0,67 %	64 885	0,75 %	86 508
Netto provisjons- og andre inntekter ekskl. KF					-				
Utbytte	95		2 205		15 433		13 887		13 887
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	112		15 007		3 741		31 060		44 091
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	(2 520)		11 882		8 070		15 317		5 008
Netto avkasting på finansielle investeringar	(2 312)	-0,07 %	29 076	1,01 %	27 244	0,30 %	60 264	0,69 %	62 968
Sum inntekter	66 236	2,14 %	87 456	3,05 %	216 430	2,36 %	232 245	2,67 %	296 517
Personalkostnader	19 382		18 313		53 923		50 528		69 845
Administrasjonskostnader	11 307		10 431		31 811		28 268		39 861
Avskrivningar av varige driftsmidlar	1 483		1 461		4 447		4 384		6 213
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-		-		-		0		-
Andre driftskostnader	5 631		4 098		15 299		13 666		19 743
Sum driftskostnader	37 803	1,22 %	34 303	1,20 %	105 480	1,15 %	96 846	1,11 %	135 661
Resultat før tap	28 434	0,92 %	53 153	1,85 %	110 950	1,21 %	135 398	1,56 %	160 856
Nedskrivning aksjar	-		-		-		632		632
Tap på utlån, garantiar	(5 917)		(992)		(6 807)		4 248		9 009
Resultat før skatt	34 350	1,11 %	54 145	1,89 %	117 757	1,28 %	130 518	1,50 %	151 215
Skattekostnad	8 598		9 200		24 708		21 400		20 383
Resultat for perioden	25 752	0,83 %	44 945	1,57 %	93 049	1,01 %	109 118	1,25 %	130 832

Nøkkeltal

(Tal i heile tusen kroner)	3. kv. 2022	3. kv. 2021	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Lønsemd					
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	6,8 %	12,9 %	8,4 %	10,5 %	9,4 %
Kostnadsprosenten ²⁾	57,1 %	39,2 %	48,7 %	41,7 %	45,8 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)					
Brutto utlån til kundar	10 444	9 692			9 706
Brutto utlån til kundar inkl. KF ³⁾	14 099	13 354			13 383
Innskot frå kundar	8 881	8 022			8 397
Innskotsdekning	85,0 %	82,8 %			86,5 %
Innskotsdekning inkl. KF ³⁾	63,0 %	60,1 %			62,7 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	7,8 %	5,8 %			5,4 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. KF ³⁾	5,5 %	9,3 %			6,3 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	10,7 %	13,2 %			16,4 %
Forvaltningskapital	12 192	11 666			11 921
Forvaltningskapital inkl. KF ³⁾	15 847	15 328			15 598
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) i kvartalet	12 257	11 372			
Tap					
Tapsprosent utlån ⁴⁾	-0,22 %	-0,04 %			0,09 %
Tapsprosent utlån inkl. KF ^{3), 4)}	-0,17 %	-0,03 %			0,07 %
Soliditet forholdsmessig (tal i heile millionar kroner)					
Rein kjernekapitaldekning	18,0 %	17,1 %			18,8 %
Kjernekapital	18,9 %	18,1 %			19,8 %
Kapitaldekning	21,2 %	20,4 %			22,2 %
Rein kjernekapital	1 331	1 211			1 336
Kjernekapital	1 395	1 278			1 403
Ansvarleg kapital	1 566	1 443			1 578
Risikovekta balanse	7 383	7 061			7 098
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,1 %	7,9 %			8,4 %
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	185 %	187 %			163 %
Bemanning					
Tal på årsverk	68	63			63
Eigenkapitalbevis ⁵⁾ (tal i heile tusen kroner)					
Resultat per eigenkapitalbevis	2,53	4,61			12,95
Tal på utferda bevis	1000	1 000			1000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	129 984	125 031			137 984
Eigenkapitalbevisbrøk i %	9,82 %	10,26 %			10,28 %

1) Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet

2) Sum driftskostnader i % av sum inntekter

3) Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt

4) Nærare forklart i årsrekskapen under utrekning av måltal



Rapport frå styret

SpareBank 1 Søre Sunnmøre

(tal i parentes gjeld same periode i fjor om ikkje anna er nemnt)

Samanslåing av SpareBank 1 Søre Sunnmøre og SpareBank 1 SMN er vedteke av styra i bankane. Intensjonsavtale om samanslåing av SpareBank1 Søre Sunnmøre og SpareBank1 SMN blei inngått i juni. I styremøta den 3. oktober vedtok bankane ein plan for samanslåing. Gjennomføring av fusjonen er mellom anna vilkårsbunden av at generalforsamlinga og forstandarskapet gjer naudsynte vedtak i dei to bankane den 9. november, og er vidare vilkårsbunden av naudsynte myndigheitsgodkjenningar.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre selde alle aksjane i det tidlegare heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS ved utgangen av 2. kvartal 2021. Rekneskapsføring etter konsern opphøyrd dermed per 30.6.2021 og resultatrekneskapsen syner no kun resultatet i morbanken. Historisk resultat og balanse for morbanken er omarbeida frå historisk kost til eigenkapitalmetoden med omsyn på investering i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). SpareBank 1 Søre Sunnmøre eig 7,53 prosent av SamSpar.

Det var 68 årsverk i SpareBank1 Søre Sunnmøre per 30.09.2022.

Resultat i tredje kvartal

Perioda 1.7.2022 – 30.09.2022

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit resultat etter skatt i kvartalet på 25,8 mill. kr mot 44,9 mill. kr i same periode i fjor.

Netto renteinntekter er på 47,7 mill. kr og aukar med 30,9 prosent frå same periode i 2021. Auken kjem som følgjer av vekst i utlånsvolum, og positive effektar frå rentehevingar.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,54 prosent mot 1,27 prosent i same kvartal i fjor.

Provisjonsinntekter på lån selt til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt var på 5,1 mill. kr. Dette svarer til ein nedgang på 5 mill. kr samanlikna med same periode i 2021. Nedgangen kjem som følgjer av ein kombinasjon av kraftig auke i pengemarknadsrenta og forseinking på renteheving mot kunde på grunn av varslingsfrist.

Netto provisjonsinntekter ekskl. provisjonar frå Boligkreditt og Næringskreditt aukar 33,0 prosent frå same kvartal i 2021 til 15,8 mill. kr. Det er særleg vekst i provisjonsinntekter frå forsikring og betalingsformidling som bidreg til auken.

Resultatbidrag frå finansielle investeringar er på -2,3 mill.

kr. Ein nedgang på 31,4 mill. kr samanlikna med same periode i 2021. Nedgangen kjem som følgjer av negativ verdiendring på finansielle eignelutar.

Inntekt frå felleskontrollert verksemd (SamSpar) er redusert med 14,9 mill. kr til 0,1 mill. kr samanlikna med same periode i 2021. Det er hovudsakleg lågare resultat frå Fremtind som følgjer av monaleg lågare finansinntekter på finansportefølje.

Dei totale driftskostnadane er på 37,8 mill. kr og aukar med 3,5 mill. kr mot same periode i 2021. Det er knytt auka kostnadar til høgare aktivitetsnivå samanlikna med 2021, og auke i årsverk og kostnadar i samband med fusjonsprosessen. Kostnadar i prosent av totale inntekter er på 57,1 prosent i tredje kvartal 2022 samanlikna med 39,2 prosent i same periode i fjor.

Under tap på utlån er det gjort ei netto tilbakeføring på 5,9 mill. kr som medfører ei resultatbetring.

Avkastinga på eigenkapitalen etter skatt i 3. kvartal 2022 er 6,8 prosent mot 12,9 prosent i tilsvarende periode i fjor.

Resultat per 30.09.2022

Perioda 1.1.2022 – 30.09.2022


SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit resultat etter skatt i perioden på 93,0 mill. kr mot 109,1 mill. kr i same periode i 2021. Sjølv om resultat frå kjernebankinntekter aukar, bidreg monaleg lågare resultat frå SamSpar til resultatnedgang. Det er hovudsakleg lågare resultat frå eigarskapet i Fremtind som gir resultatnedgangen samanlikna med same periode i 2021. Totalt sett er resultat frå finansielle investeringar redusert med 33 mill. kr samanlikna med same periode i 2021.

Netto rente- og provisjonsinntekter er på totalt 189,2 mill. kr og aukar med 10,0 prosent tilsvarende 17,2 mill. kr samanlikna med same periode i 2021.

Tap og nedskrivningar per 30.9.2022 er på -6,8 mill. kr som medfører ei godskrivning av resultatet. I same periode i 2021 var tap og nedskrivningar på totalt 4,2 mill. kr.

Avkastinga på eigenkapitalen per 30.9.22 vart 8,4 prosent mot 10,5 prosent i same periode i 2021.


Resultat etter skatt i mill. kr og avkastning på eigenkapital



Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Netto renteinntekter er på 127,5 mill. kr. Dette svarar til ein auke på 19,1 prosent samanlikna med same periode i 2021. Veksten kjem som følgje av auka utlånsvolum og betring i innskotsmargin.

Netto renteinntekter og provisjon frå kredittføretak i mill. kr.




Netto provisjonsinntekter er på totalt 61,7 mill. kr og er redusert med 3,2 mill. kr samanlikna med same periode i 2021. Det er reduserte provisjonsinntekter frå Boligkreditt som følgje av raskt stigande pengemarknadsrente som er årsaken til nedgangen. Netto provisjonsinntekter ekskl. inntekter frå kredittføretak aukar med 6,0 mill. kr tilsvarande 15,9 prosent samanlikna med same periode i 2021. Banken leverer vekst i provisjonsinntekter hovudsakleg innan forsikring og betalingsformidling.

Netto avkastning på finansielle eignelutar er på 27,2 mill. kr per 30.9.22 mot 60,3 mill. kr i tilsvarande periode i 2021. Lågare resultat frå investering i felleskontrollert verksemd gir ein nedgang på 27,3 mill. kr samanlikna med same periode i 2021. Det er hovudsakleg lågare resultat frå Fremtind som følgjer av verdiutvikling på finansportefølje og auka skadeprosent som følgje av brann og naturskade. Utbytte frå direkte investeringar aukar 1,5 mill. kr til 15,3 mill. kr. Netto verdiendring på finansielle eignelutar er redusert med 7,2 mill. kr til 8,1 mill. kr samanlikna med same periode i 2021.

Driftskostnader

Totale driftskostnader utgjer 105,5 mill. kr. Dei totale driftskostnadene aukar med 8,6 mill. kr, samanlikna med same periode i fjor som følgje av fleire årsverk, kostnader relatert til fusjonsprosess og høgare aktivitetsnivå.

Totale driftskostnader i mill. kr og driftskostnadane i prosent av totale inntekter.



Kostnader i prosent av totale inntekter for banken utgjer 48,7 prosent per 30.09.2022 mot 41,7 prosent for tilsvarande periode i fjor.

Tap og misleghald

I resultatrekneskapen er det tilbakeført 6,8 mill. kr noko som medfører ei inntektsføring per 30.9.2022. I tilsvarande periode i 2021 var samla tap og nedskrivningar på 4,2 mill. kr.

Per 30.09.2022 utgjer totale tapsavsetningar på balansen 53,6 mill. kr før tilbakeføring av verkeleg verdi over resultatet. Dette tilsvarar 0,51 prosent av brutto utlån og garantiar.

Balanse

(tal i parentes frå same periode i 2021)

Forvaltningskapital


Forvaltningskapitalen utgjer 12.192,4 mill. kr og er auka med 526,6 mill. kr sidan 30.09.2021. Dette svarar til ein 12 mnd. vekst på 4,5 prosent.

Forvaltningskapital inklusiv lån selt til SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 15.847,1 mill. kr og har auka med 512,3 mill. kr sidan 30.09.2021. Dette svarar til ein 12 mnd. vekst på 3,3 prosent.

Utlån

Brutto utlån på eigen balanse er 10.444,4 mill. kr per 30.09.22 (9.691,8 mill. kr). Dette gir ein 12 mnd. vekst på eigen balanse på 752,6 mill. kr tilsvarande ein auke på 7,8 prosent sidan 30.09.21. Veksten inklusive lån selt til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 5,5 prosent og svarar til totale utlån eigd og forvalta av banken på 14.099,1 mill. kr (13.360,7 mill. kr).

Brutto utlån inkl. kredittføretak i mrd. kr og 12 mnd. prosentvis vekst.




■ Brutto utlån til kundar inkl. kredittføretak ■ Prosentvis 12 mnd. vekst

Ved kvartalsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.512,3 mill. kr (3.512,8 mill. kr) og 141,8 mill. kr (156,7 mill. kr). Totale utlån til privatmarknaden, inkludert utlån selt til SpareBank 1 Boligkreditt, har auka med 688,8 mill. kr til

11.919,0 mill. kr. Dette gir ein 12 mnd. vekst på 6,1 prosent. Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert lån selt til SpareBank 1 Næringskreditt, er på 2.180,1 mill. kr. Dette er ein auke på 49,5 mill. kr, og svarar til ein 12 mnd. vekst på 2,3 prosent.

Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

Bransjespreiing målt som prosentvis andel av total eksponering i bedriftsmarknadsportefølja per 30.09.2022.




Andelen oljerelaterte engasjement utgjør 11,2 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedriftsmarknaden. Dette er ei auke på 1,1 prosentpoeng samanlikna med 30.09.21. Auken i utlånsvolum kjem hovudsakleg som følgje av valutaeffekt. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken inkludert lån selt til kredittføretak utgjør oljerelaterte engasjement 1,7 prosent.

Innskot

Innskot har auka med 859,2 mill. kr siste 12 månader til 8.881,2 mill. kr ved utgangen av 30.09.22. Dette svarar til ein 12 mnd. vekst på 10,7 prosent.

Innskot i mrd. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak.



Innskot frå personkundar er auka med 505,8 mill. kr til 5.431,0 mill. kr, og dette svarar til ein vekst på 10,3 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskundar er auka med 353,4 mill. kr til 3.450,3 mill. kr siste 12 månader, noko som svarar til ein auke på 11,4 prosent.

Likviditet

Så langt i 2022 har kredittspreadane gått relativt kraftig ut både som følgje av auka geopolitisk uro og innstramming av ekspansiv pengepolitikk. Banken opplever likevel god tilgang på funding i marknaden. Gitt den gode likviditetssituasjonen har banken valt å gjere tilbakekjøp av obligasjonar utan å gjere nye utferdingar av obligasjonar. Banken vil likevel vurdere å gjere nye utferdingar for å oppretthalde ein god balanse i forfallsstrukturen på ekstern funding.

Samla nominell verdi av obligasjonsfinansiering utgjør 1.510 mill. kr. Forfallsstrukturen med attståande løpetid er fordelt med 485 mill. kr under 1 år, 625 mill. kr mellom 1 og 3 år, og 400 mill. kr løpetid med over 3 år.

Innskotsdekninga på eigen balanse er på 85,0 prosent per 30.9.2022 (82,8 prosent) og 63,0 prosent (60,1 prosent) inkl. utlån selt til kredittføretak.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 185 prosent per 30.09.2022.

Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 30.09.2022 er rein kjernekapital i banken på 17,8 prosent ekskl. delårsresultatet til banken i 2022.

Som følgje av at banken har eigarandelar i samarbeidande grupper utfører banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 18,0 prosent, kjernekapital utgjør 18,9 prosent og kapitaldekninga 21,2 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjør 8,1 prosent.

Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er 14,5 prosent, medan forventninga frå Finanstilsynet er 15,75 prosent inklusive Pilar 2 Guidance. Banken har god margin på 2,25 prosentpoeng over Finanstilsynet sine forventningar til kapitalnivået.

Norges Bank har i seinare tid gitt Finansdepartement råd om å auke motsyklisk buffer 2,0 prosent med verknad frå 31.12.2022. I tillegg vil systemrisikobuffer bli auka frå dagens nivå på 3,0 prosent til 4,5 prosent med verknad frå 31.12.2022.

Utsiktene framover

Det er teikn til at omslaget i den norske økonomien kjem raskare enn tidlegare venta. Høg inflasjon med kraftig prisauke både på energi og råvarer dempar veksten for føretak. Samstundes opplev hushaldningane prisauke på energi og matvarer, og auka rentekostnadar på ei historisk høg gjeldsbelastning.

Andelen heilt ledige held seg på same nivå per utgangen av september 2022 samanlikna med juni 2022, og andelen heilt ledige i Møre og Romsdal er på 1,4 prosent (1,5). Tal frå NAV syner også at andel heilt ledige i den ytre regionen med Ulstein, Hareid og Herøy blitt redusert dei siste to månadane og er no høvesvis 2,6 prosent (3,0), 2,1 prosent (3,4) og 2,4 prosent (3,1). I den indre regionen med Volda og Ørsta er andelen heilt ledige på 1,3 prosent (høvesvis 1,3 og 1,4) av arbeidsstyrken.

Nivået på bustadprisane har auka 5,5 % det siste året målt ved andre områder i Møre og Romsdal (ekskl. dei større byane i fylket). Endringa i kvartalet er på - 0,5 prosent. Omsetningstida på bustad i området er 65 dagar per september 2022, ein reduksjon på 8 dagar samanlikna med førre kvartal. Prisveksten over tid i har vore vesentleg lågare enn i dei større byane. Banken sine utlån til privatmarknaden har auka 6,1 prosent dei siste 12 månadane. Dette er 1,8 prosentpoeng over den nasjonale kredittveksten. Banken tek dermed marknadsandelar i form av utlånsvolum til hushaldningane. Det er venta at konkurransen om privatkundane vil vere skjerpa også i tida framover.

Det er god spreiding i næringslivet i marknadsområdet til banken, og delar av industrien er sær omstillingsdyktig. Næringslivet har dei to siste åra måtte forholde seg til store omveltningar i omgjevnadane. Først gjennom ein krevjande pandemi, og deretter krigen i Ukraina som har ringverknadar også i Noreg.

Få kundar av banken er direkte råka av sanksjonane mot Russland, men desse faktorane verkar også indirekte inn på næringslivet i regionen.

Regionalt nettverk for Norges Bank syner at næringslivet i nordvest ventar auke i utsalprisar framover, lågare kostnadsvekst og noko betre lønsemd. Kostnadar knytt til transport og enkelte byggevarer har i den seinare tid blitt redusert. Høge straumprisar har vore eit større problem for industri- og servicebedrifter i andre delar av landet, men ikkje i marknadsområdet til banken. Det er ein nedgang i antal bedrifter som melder om kapasitetsproblem, altså at bedrifta vil ha problem med å møte ein vekst i etterspurnaden. Likevel rapporterer framleis ein del bedrifter om knappheit på arbeidskraft i enkelte bransjar. Dette er også stadfesta frå NAV sine undersøkingar.

Prisvekst og høgare renter gjer at bedriftene ventar noko redusert etterspurnad som kan gi ein nedgang i produksjon, og at bedriftene ser føre seg å tilsette færre enn ved førre undersøking. Sjølv om arbeidsløysa er låg og enkelte bransjar opplev mangel på arbeidskraft har enkelte verksemdar permittert i påvente av nye oppdrag, og oppseiingar har blitt varsla. Dette tyde på at renteaukene frå Norges Bank begynner å få effekt gjennom oppbremsing av økonomien.

Servicesektoren vil kunne oppleve nedgang i etterspurnad etter sine tenester, og varehandelen kan oppleve nedgang samanlikna med det siste året.

Olje- og gassprisar har vore på eit høgt nivå den siste tida drive av mellom anna auka geopolitisk usikkerheit og usikkerheit rundt energisituasjonen til EU. Skattepakken med insentivordningar for oppstart av prosjekt på norsk sokkel før 2023 bidreg også til aktivitetsauka. Totalt sett er det gode utsikter for olje- og gassnæringa dei neste åra. I Norges Bank sine prognoser er det venta ein oppgang i petroleumsinvesteringar på norsk sokkel i 2023 - 2025. Dette er positivt for næringslivet på ytre Søre Sunnmøre.

Arbeidsløysa er låg i marknadsområdet til banken. Bustadprisane syner ein liten nedgang samanlikna med førre periode. Regionen har ikkje vore råka av høge straumprisar, men det er venta at høgare renter vil legge ein demper på utviklinga i bustadprisane. Det regionale nettverket ventar nokre fleire utfordringar knytt til renteoppgang som vil dempe etterspørsel etter ein del varer og tenester. Problem med å få tak i fagkompetanse innan mellom anna olje- og gassindustrien, kan verke dempende på veksten. Totalt sett er det framleis positive utsikter og spesielt innan olje- og gassrelatert industri.

Det er signalisert at styringsrenta sannsynlegvis vil bli satt opp på november-møtet i Norges Bank, med fleire rentehevingar framover. Dei stigande rentene legg mellombels press på utlånsmarginen. Stigande bustadlånsrenter vil på eit tidspunkt mest sannsynleg påverke etterspurnaden etter kreditt. Dette vil skjerpe konkurransen om eksisterande bustadlånkundar og bidra til å oppretthalde press på utlånsmarginen.

Stigande renter fører også til auka finansieringskostnadar for bedrifter som på generelt grunnlag kan medføre ein auke i tap og misleghald i tida framover. Styret er av den oppfatning at banken har moderat tapsrisiko knytt til utlån.

Opning av nytt kontor i Stryn og høgare krav innanfor etterleving vil krevje fleire årsverk i tida framover. Auka regulatoriske krav innanfor bankverksemd krev meir ressursar innanfor etterleving. Auka satsing med planlagt opning av bankkontor i nabokommuna Stryn, er ei naturleg utvikling etter kommunesamanslåing. Framover

er det venta at driftskostnadane i banken vil stige med nye årsverk.

Styra i SpareBank 1 Søre Sunnmøre og SpareBank 1 SMN inngjekk den 20. juni 2022 ein intensjonsavtale om å slå saman dei to bankane. Den 3. oktober 2022 vedtok styra i SpareBank 1 Søre Sunnmøre og SpareBank 1 SMN ei samanslåing av to dei bankane. Saman dekkar dei to bankane store delar av Sunnmøre og har ambisjonar om å ta ein solid posisjon i Fjordane. Ved å slå saman dei to bankane styrkast grunnlaget for lønsam vekst, sterkare spesialist- og kompetansemiljø og auka nærvære i regionen. Det er førebels identifisert eit

realistisk potensial på ca. 30 mill. kr i årlege inntekts- og kostnadssynergjar. I tillegg kjem monalege kapitalsynergjar. Etter den førebelse tidsplanen, vert det tatt sikte på at ei eventuell samanslåing kan gjennomførast i løpet av andre kvartal 2023.

Styret meiner at banken med sin solide kapital- og likviditetsituasjon, den planlagde fusjonen og god vekst siste 12 månadar har eit godt utgangspunkt for å møte konkurransen og regulatoriske endringar i åra som kjem.

Som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre.

Volda, 2. november 2022
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Kjell Arvid Storeide
Styreleiar

Ole Reinhart Notø
Nestleiar

Solveig Moe Frøland
Styremedlem

Grete Halkjelsvik
Styremedlem

Arild Hatløy
Styremedlem

Runar Gretland
Styremedlem

Bente Fylken
Tilsettere representant

Møyfrid Lillenes
Tilsettere representant

Stig Brautaset
Administrerande direktør

Rekneskap

Resultat

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021	30.09.22	30.09.2021	31.12.2021
Renteinntekter målt til amortisert kost	1	86 459	49 430	218 961	147 442	204 770
Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	3 611	4 272	10 918	13 239	17 365
Rentekostnader		42 406	17 282	102 355	53 586	75 094
Netto renteinntekter		47 663	36 419	127 525	107 096	147 041
Provisjonsinntekter		20 752	23 426	63 653	69 235	92 374
Provisjonskostnader		1 554	1 626	4 378	4 801	6 531
Andre driftsinntekter		1 687	160	2 387	450	665
Netto provisjons- og andre inntekter		20 885	21 960	61 662	64 885	86 508
Utbytte		95	2 205	15 433	13 887	13 887
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		112	14 989	3 741	31 060	44 073
Netto verdiendring på finansielle eignelutar		-2 520	11 882	8 070	15 317	5 008
Netto avkastning på finansielle investeringar		-2 312	29 076	27 244	60 264	62 968
Sum inntekter		66 236	87 456	216 430	232 245	296 517
Personalkostnader		19 382	18 313	53 923	50 528	69 845
Administrasjonskostnader		11 307	10 431	31 811	28 268	39 861
Avskrivningar av varige driftsmidlar		1 483	1 461	4 447	4 384	6 213
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-	-	-
Andre driftskostnader		5 631	4 098	15 299	13 666	19 743
Sum driftskostnader		37 803	34 303	105 480	96 846	135 661
Resultat før tap		28 434	53 153	110 950	135 398	160 856
Nedskrivning aksjar		0	0	0	632	632
Tap på utlån, garantiar	4	-5 917	-992	-6 807	4 248	9 009
Resultat før skatt		34 350	54 145	117 757	130 518	151 215
Skattekostnad		8 598	9 200	24 708	21 400	20 383
Resultat for perioden		25 752	44 945	93 049	109 118	130 832
Utvida resultatrekneskap						
Resultat for perioden		25 752	44 945	93 049	109 118	130 832
<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i>						
Netto estimat- og skatteavvik pensjonar		-	-	-	-	-99
<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i>						
Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		78	-	545	-109	324
Endring verkeleg verdi, utlån		-140	47	-294	-3 097	-3 287
Skatteeffekt		35	-12	74	774	822
Utvida resultat i perioden		-27	36	325	-2 432	-2 240
Totalresultat for perioden		25 725	44 981	93 373	106 687	128 592

Balanse

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Eignelutar				
Kontantar og fordringar på sentralbanken		34 132	36 904	35 985
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	763 120	962 478	1 217 527
Netto utlån til kundar	3,4	10 368 644	9 653 839	9 645 362
Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6,7	203 227	225 454	205 046
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6,7	561 000	538 755	549 381
Investeringar i felleskontrollerte verksemdar	6	166 356	158 357	172 576
Utsett skattefordel		1 855	(686)	1 782
Varige driftsmidlar		46 736	48 694	50 825
Andre eignelutar		43 250	33 625	34 977
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		4 098	8 438	7 958
Sum eignelutar		12 192 419	11 665 858	11 921 420
Gjeld				
Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	8	6 185	6 525	5 160
Innskot frå og gjeld til kundar	6,9	8 881 246	8 022 047	8 397 137
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1 514 436	1 927 048	1 817 258
Anna gjeld		78 765	82 772	61 325
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		5 041	5 828	7 663
Avsetning til forpliktingar		9 792	11 204	9 690
Ansvarleg lånekapital	7	151 136	150 589	150 722
Sum gjeld		10 646 602	10 206 012	10 448 954
Eigenkapital				
Eigardelskapital	10	100 000	100 000	100 000
Overkursfond		193	193	193
Utjamningsfond		29 791	24 838	37 791
Sparebankfondet	5	1 174 820	1 076 728	1 174 820
Gåvefond		18 229	16 840	28 479
Kompensasjonsfond		1 482	1 482	1 482
Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		81 369	68 538	81 369
Annan eigenkapital		89 934	121 227	(1 667)
Hybridkapital	5	50 000	50 000	50 000
Sum eigenkapital	5	1 545 817	1 459 846	1 472 465
Forvaltningskapital		12 192 419	11 665 858	11 921 420

Eigenkapitaloppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	Eigarandels- kapital	Overkurs og kom- pensa- sjonsfond	Spare- bank- fondet	Utjam- nings- fond	Gåve- fond	Fond for vurderings- forskjellar	Hybrid- kapital	Annan eigen- kapital	Kompens- asjons- fond	Sum eigen- kapital
Eigenkapital per 31.12.2020	100 000	193	1 076 728	24 838	25 144	84 887	50 000	5 714	1 482	1 368 987
Disponert Årsresultat	-	-	98 092	12 952	15 000	2 942	1 846	-	-	130 832
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	(434)	-	(2 382)	-	-2 815
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	(1 846)	-	-	-1 846
Utdeling av gåver	-	-	-	-	(11 666)	-	-	-	-	-11 666
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-	-	-	(5 000)	-	-5 000
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	(2 809)	-	-	-	-2 809
Korrigerering som følge av nedsal i FKV	-	-	-	-	-	(3 218)	-	-	-	-3 218
Eigenkapital per 31.12.2021	100 000	193	1 174 820	37 791	28 479	81 369	50 000	(1 667)	1 482	1 472 465
Eigenkapital 1.1.2022	100 000	193	1 174 820	37 791	28 479	81 369	50 000	(1 667)	1 482	1 472 465
Udisponert resultat	-	-	-	-	-	-	-	93 049	-	93 049
Udisponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	-	325	-	325
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-	(1 717)	-	-1 717
Utdeling av gåver	-	-	-	-	(10 249)	-	-	-	-	-10 249
Utbetaling av utbytte	-	-	-	(8 000)	-	-	-	-	-	-8 000
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	-	-	(55)	-	-55
Eigenkapital per 30.9.2022	100 000	193	1 174 820	29 791	18 229	81 369	50 000	89 934	1 482	1 545 817

Kontantstrømoppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	30.09.2022	30.09.2021
Resultat før skatt	117 757	151 215
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	-3 741	-44 073
+ av- og nedskrivningar	4 447	6 844
+ Tap på utlån/garantiar	(6 807)	9 009
- Betalbar skatt	-25 711	-24 998
Tilført frå årets verksemd	85 945	97 998
Endring andre fordringar	-4 413	-10 691
Endring anna kortsiktig gjeld	14 527	8 920
Endring utlån	-716 475	-481 678
Endring kredittinstitusjonar	454 407	-746 380
Endring innskot frå kundar	484 110	1 181 335
Endring innskot kredittinstitusjonar	1 024	-174 242
Endring sertifikat og obligasjonar	1 819	140 834
A) Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet	320 944	16 097
Brutto investeringar i bygningar/driftsmidlar	-358	-2 308
Avgang bygningar/driftsmidlar	0	1 566
Utbetaling ved kjøp av langsiktige investeringar i verdipapir	-149 455	-38 590
Innbetaling ved sal av langsiktige investeringar i verdipapir	138 028	384
Utbytte frå investeringar i felleskontrollert verksemd	10 297	41 131
B) Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	-1 488	2 183
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar*		
Opptak av gjeld gjennom utferding av verdipapir	0	400 000
Tilbakebetaling av utferda verdipapir	-300 000	-400 000
Utbetaling av utbytte og gåver	-18 249	-16 666
Betaling av renter på fondsobligasjon	-1 717	-1 846
Utbetaling av leigeforpliktelse	-1 343	-1 814
C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	-321 309	-20 326
A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	-1 854	-2 046
Likviditetsbeholdning inngåande balanse	35 985	38 032
Likviditetsbeholdning utgåande balanse	34 132	35 985
Endring	-1 854	-2 046



Notar til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.1.2022 - 30.9.2022, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa som er lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2021.

I samband med at alle aksjane i Eiksundregionen Eigedom AS vart selde i andre kvartal 2021 opphøyrer føring av konsernrekneskap.

I samband med at plikta til å føre konsernrekneskap opphøyrde, har morbanken endra rekneskapsprinsipp for eigarandelen i Samarbeidande Sparebanker AS (SamSpar). Eigarandelen i SamSpar rekneskapsførast no etter eigenkapitalmetoden i morbanken sitt rekneskap.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Note 2 – Segmentinformasjon

Leinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofil og er delt opp i privatmarknad inkludert sjølvstendig næringsdrivande og bedriftsmarknad. Banken sine egne investeringsaktivitetar er ikkje eit separat rapporterbart

segment og kjem fram under posten ufordelt, saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område og rapportering på geografiske sekundærsegment gir derfor lite tilleggsmasjon.

30.09.2022 (Tal i heile tusen kroner)	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	93 252	35 405	-1 133	127 525
Netto provisjons- og andre inntekter	44 984	7 654	9 024	61 662
Driftskostnader	-75 814	-21 840	-7 826	-105 480
Netto avkastning på finansielle investeringar	0	0	27 244	27 244
Tap på utlån og garantiar	1 740	4 453	614	6 807
Resultat før skatt	64 162	25 672	27 923	117 757
Balanse				
Utlån til kundar	8 406 114	2 038 287	0	10 444 401
Tap på utlån	-12 716	-36 887	0	-49 603
Andre eignelutar	0	0	1 797 621	1 797 621
Sum eignelutar per segment	8 393 398	2 001 400	1 797 621	12 192 419
Innskot frå og gjeld til kundar	5 430 962	3 450 285	0	8 881 246
Anna gjeld og eigenkapital	0	0	3 311 172	3 311 172
Sum eigenkapital og gjeld per segment	5 430 962	3 450 285	3 311 172	12 192 419

30.09.2021 (Tal i heile tusen kroner)	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	76 451	31 579	-934	107 096
Netto provisjons- og andre inntekter	51 451	9 032	4 402	64 885
Driftskostnader	-68 962	-20 766	-7 118	-96 846
Netto avkastning på finansielle investeringar	0	0	60 264	60 264
Tap på utlån og garantiar	7 362	-6 910	-4 700	-4 248
Nedskriving aksjar			-632	-632
Resultat før skatt	66 301	12 934	51 915	130 518
Balanse				
Utlån til kundar	7 717 887	1 973 912	0	9 691 799
Forventa tap på utlån	-13 175	-37 721	0	-50 895
Andre eignelutar	0	0	2 024 954	2 024 954
Sum eignelutar per segment	7 704 713	1 936 191	2 024 954	11 665 858
Innskot frå og gjeld til kundar	4 925 202	3 096 844	0	8 022 047
Anna gjeld og eigenkapital	0	0	3 643 812	3 643 812
Sum eigenkapital og gjeld per segment	4 925 202	3 096 844	3 643 812	11 665 858

Note 3 – Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

Brutto utlån fordelte på risikogruppe	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
